



Frank Magnar Skjelanger
Paradisvegen 30
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1299 - 19/13236

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
14.06.2019

Melding om lekkasje frå septiktank - GBNR 55/6

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forueining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgja for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 31.05.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om lekkasje frå septiktank på eigedommen, gnr. 55, bnr. 6. Det er konstatert lekkasje i kammer 2 og i kammer 3 i tanken.

Lekkasjen må tettast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS er i perioden april til juli 2021. Då du som eigar av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbetra septiktanken kan du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller ei autorisert murarverksemd. Utbetringa kan du og sjølv utføre ved å tette med reparasjonsmørtel av god kvalitet, når det er ein betongtank.

Dersom lekkasjen allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetje tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen med påskrift frå utbetrar eller eventuelt med biletedokumentasjon, dersom du har foreteke utbetringa sjølv. Skjema sender du til

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 55-6 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Frank Magnar Skjelanger

Paradisvegen 30 5917

ROSSLAND